

Atlantis

Vi har no vert ute med ubåt i fleire dagar og snart gått tom for mat og drikke. Mannskapet er meg, Per og Bob. Dei er to forskarar, som har spesialisert seg på å prøve å finne sannheita rundt Atlantis. Atlantis er ein by som menneske har leita etter i mange hundre år, og no er vi ein av desse. Grunnen til at vi kan lykkes er at vi har funne eit gammalt kart. Men det ser ikkje ut som kartet er så lovande likevel

Vi hadde nesten gitt opp då vi plutseleg såg noko som skein langt nede i sjøen. Vi reiste ned for sjekke kva det var for noko, men det var bare glas frå ein flaske, vi leita vidare og fant ingenting. Vi hadde tenkt å gi opp, så plutseleg såg vi noko. Vi drog ned i ein fart for å sjå kva det var for noko, og der var det Atlantis den forsvinnande by. Eg kjappa meg ut av ubåten for å sjå på Atlantis. Byen var jo heilt øydelagt, og nesten bare opp raspa alt som var å sjå der, og nesten ingenting å sjå der, men vi tok masse bilde av det som var igjen av Atlantis. Vi kunne tene ein formue på desse bilda vi hadde tatt.

Når vi hadde sett alt vi trengte å sjå av Atlantis, begynte vi å reise heim igjen, og dagane gjekk og gjekk til vi endeleg kom tilbake ti byen. Det sto mange folk med kaia, når vi kom i land.